



Riksantikvaren

Dato: 27.05.2014

Vår ref.: 2014/325-28

Saksbehandlar: Iaimelk

Dykkar ref.:

Grunnlovsjubileet 2014. Søknad til Riksantikvaren om støtte til kulturminnemarkering i Hordaland

Bakgrunn for søknad

Hordaland fylkeskommune søker om stønad, kr 30.000,- fra Riksantikvaren til arrangement i Christieparken i Bergen for å markere Grunnlova sitt 200-årsjubileum. Dato er sett til 20. oktober, som fell saman med Universitetet i Bergen sitt jubileumsarrangement på Litteraturhuset i Bergen på kveldstid der biografien om Christie skal lanserast.

Råmer for arrangementet

Staden er knytt til ein av dei fremste eidsvollsmennene frå fylket; Wilhelm Frimann Koren Christie og parken som han utvikla saman med venene sine på tidleg 1800-tal. Parken var unik då han vart anlagt, er i høve Grunnlovsjubileet restaurert, og er planlagt gjenopna av Bergen kommune no før sommaren.

Vi planlegg eit arrangement ope for ålmenta og særskilt formidla til born i barnehagar og skular i området, og vil samarbeide med parken si eiga foreining; Christieparkens venner og Bergen kommune. Dei er alt kontakta, og er svært begeistra over at parken er vald til slik markering.

Tidsramme er førebels sett til klokka 14 til 16 for det offisielle programmet som vil ha både ein fagleg og ein kunstnarleg del, og med eit meir uformelt samvær med middag for inviterte gjester før boklanseringa på Litteraturhuset på kvelden. Det er naturleg å samarbeide med Universitetet i Bergen om formidling av begge arrangementa i våre respektive nettverk, og vi kjem attende til dette.

Ein av fleire idear som har vore drøfta, er å gje ein minnebenk til parken, og avduke denne som ein del av det offisielle programmet. Dette vert å kome attende til når endelige økonomiske rammer er klare, og etter ei drøfting med Grønn etat i Bergen kommune, som driftar parken. Sjå kortfatta skildring av parken og mogeleg plassering under.

Stortingsrepresentantar og andre folkevalde som er naturleg å invitere vil få personleg invitasjon til arrangementa.

Om Christieparken som kulturminne og eventuell plassering av ein minnebenk

Omlag 1818 fekk brørne W.F.K. Christie og Werner Hosewinkel Christie eit jordstykke i Fridalen av syskjenbornet sitt, stiftmann Hagerup på Haukeland. Brørne var naturinteresserte og medlemer av venegruppa "Quolibet". Saman med nokre av desse venene vart ein naturpark etablert etter engelsk

førebilete. Det vart rydda, bygd bruver over elva og planta trær. Stykkje med bøk var Danmark, og granplantinga var Noreg. Dei sette ut steinbenkar og bord. Parken vart nytta til selskap og som stad for tidlege feiringar av 17. mai. Bergen kommune overtok parken i 1934. Gjennom parken ligg restar etter Den stavangerske postveg og Christianiavegen. Siden 1989 er det i den nordaustlege delen etablert bru over bekken og skulpturer i raud skånegranitt, alt forma av skulptøren av Bård Breivik.

Parken i dag, samanlikna med Christie si skildring og skisse:

Framleis står mykje av steingjerdet som Christie bygde rundt parken: som ein lav mur mot Slettebakksveien, og som ein forfallen mur med vekslande høgd langs grensa mot sør. Mot aust, der parken i dag strekkjer seg lengre enn opphaveleg, er muren stort sett heilt vekke. Steinbrua over bekken vart antakeleg fornya då kommunen overtok parken tidleg på 1900-talet. Ei større steinbru litt lengre opp i elva er del av den gamle postvegen. Steingjerdet rundt parken følgde vegen, men her er gjerdet heilt vekke. Ein mindre bekk i nordenden er lagt i røyr, og kan sjåast som eit søkk i terrenget. Ingen spor etter bruene over den. Alle benkar er borte, men saman med Christie si skisse gjev terrenget holdepunkter for plasseringa av nokre av dei. Ein høgde med flat topp ligg omtrent der trebenken og lysthuset av olderkraft må ha vore. Akkurat her ber terrenget preg av å vore «forbetra» ein smule. Langs den søre kanten av parken er det også ein stad som peiker seg ut som særlig bra for ein benk.

Søknad om tilskott

Hordaland fylkeskommune søker om 30 000,- kroner i tilskott til kulturminnemarkering i Christieparken i samband med feiringa av Grunnlova 200 år.

Detaljerte planar kan ettersendast når program og innhald er fastsett. Det skal etterskotsvis sendast inn rekneskap for arrangementet.

Med von om positiv handsaming

Per Morten Ekerhovd
fylkeskonservator

Laila Melkevoll
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.